

ANNONSE

D X

Møte eller konferanse?

Helpensjon med drikke inkludert

Oslo-Hordaland
NÅ fra KUN
3899,-

BESTILL NÅ

Cc

EKSINGEDELEN NÆRINGSILV BUTIKK

Neste veke opnar endeleg butikken i Eksingedalen att: - Eg skjønar nesten ikkje at det er sant!



SPENT: Hege Marie Lavik er i full sving med å få opp hyller og gjera alt klart til butikkopning fredag 14. februar. Foto: Eksingedalen.no

Av [Stine Carlsen](#)

Sist oppdatert:

09.02.25 13:22 [▼](#)

[Del](#)

Snart to år etter den tragiske butikkbrannen, kan butikkstyrar Hege Marie Lavik endeleg opna ny butikk på Lavik i Eksingedalen.

 For abonnentar

22. mars 2023 brann nærbutikken på Lavik i Eksingedalen på tragisk vis til grunne.

Sidan den gong har butikkstyrar Hege Marie Lavik stått på for å byggja opp att butikken.

– Det har vore mykje jobb, men no er me endeleg klare til å opna butikken att. På fredag klokka 16 skjer det, seier Hege Marie Lavik.



Seint om kvelden 22. mars 2023 blei butikken på Lavik slukt av flammane. Foto: Vaksdal branngvern




LES OGSA

I mars i fjor gjekk alt opp i røyk. No reiser bygdebitikken i dalen seg att

Heile bygda i ryggen

Hege og bygdefolket står på for å gjera alt klart til dess.

– Det vert jammen fint å handla i dalen att, seier Annika Brønstad og Anna S. Bergo, som i yr glede møtte opp på Lavik fredag kveld for å montera butikkhyller.



DUGNADSGJENG: Ein glad gjeng, ei veke før opning. Annika Brønstad til venstre, Anna S. Bergo og butikkstyrar Hege Marie Lavik. Foto: Privat

Då butikken brann ned, sa Hege med ein gong at butikken skulle komma opp att. Ho såg framover, og sette i gong.

Eksingedølane har handla mat på Mo, Stamnes, Evanger, Voss eller Dale - håpa på det beste, og heia på Hege.

ANNONSE

– Hege har vist ei utruleg stå-på-vilje, og også små og store ved skulen kjem til å hjelpe til med å få butikken opp og stå no til veka, seier rektor ved Eksingedalen oppveksttun, Liv Anne Bergo til Hordaland.



Slik ser nyebutikken på Lavik ut. Foto: Hege Marie Lavik

Alle rapportar gjekk i orden


Hege og mange andre har vore spente denne veka. Midt i veka var alle rapportar og underskrifter klare, berre endeleg godkjenning frå kommuneadvokaten stod att.

Hege hadde alle matbestillingane klare. Skulle varene koma tysdag neste veke, så måtte alt bestillast fredag, noko klokka 14, noko seinare på dag.

– Klokka 12.35 same dag kom beskjeden. Vaksdal kommune var superraske.

Og Hege og borna har kunna flytta inn att i nytt husvêre over butikken.

– Eg skjønte det nesten ikkje. At alt skulle gå så fort på slutten. Det tok stund før det sank inn. Men, no kjenner eg at det er sant. Unganesov godt oppe. Me er heime att, og skal vera heime. Det er nesten ikkje til å tru! seier Hege.





ARBEIDSKARAR: Her frå byggjinga i august i fjar. Alexander Øydvin (til høgre) og Fredrik Bjørnberg i Johs E. Øvsthus i full sving med gjenreisinga av butikken. Foto: Stine Carlsen

Glad for all hjelp

I helga har Hege og veninner skrudd hyller. Til veka kjem butikk-kjeda Snarkjøp for å montera system og kasse, og Hege skal få ny opplæring i alt.

– Varene kjem tysdag, og om ikkje alt er på plass til helga, så er det berre småting att, seier den sprudlande og glade butikkstyraren.

Butikken skal halda fram med å vera meiopen, der folk sjølv kan låsa seg inn i butikken utanfor opningstid med betalingskortet sitt via ein scannar på utsida.

Ut mot elva skal det også vera panoramavindauge, og ein liten kafékrok med bord og stolar.



Katten til Hege og familien, Tullekopp, er klar til å ta imot dei fyrste kundane på fredag. Foto: Hege Marie Lavik

Hege er glad for all hjelp ho har fått.

– Mange har meldt seg frivillig, og det er veldig kjekt. Eg er så glad for at mange vil hjelpe, at butikken betyr så mykje for dei, det betyr mykje for meg. Det er verkeleg godt å kjenna på at folk føler at dette er alle sitt prosjekt.

ANNONSE

The advertisement features a dark blue Audi Q6 Sportback e-tron Tech Plus driving through a snowy mountain landscape. The Audi logo is in the top right corner. The text on the left side reads: "Leasingkampanje på Audi Q6 Sportback e-tron Tech Plus" and "Nyt inntil 617 km rekkevidde og hurtigladning på inntil 270 kW.". Below the car, the price "6.990,-/mnd" and total "Totalt 353.756,-" are displayed. A small fine print disclaimer is at the bottom.

No håper ho folk står klare til å handla på butikken på fredag.

– Eg håper alle har tomme skåp med plass til mykje varer! ler ho.



Slik såg branntomta ut for to år sidan. Foto: Lars Ørjan Nese / Nese Media